



## REGLEMENT FOR AMBULERANDE SKJENKELØYVE I SANDØY KOMMUNE

1. Etter vedtak i K-sak 08/14 er det for perioden fram til 30.06.2012 oppretta 2 ambulerande skjenkeløyve i Sandøy kommune.
2. Ambulerande løyve kan berre gjevast til slutta lag. Med slutta lag er det meint at det allereie, og før skjenkinga tek til, er danna ein slutta krins av bestemte personar som samlast for eit bestemt formål i eit forsamlingshus i Sandøy kommune. Medlemmane av selskapet/laget må lage ein slutta krins av personar, der utanforståande ikkje kan kome inn. Det er t.d. ikkje nok at ein før skjenkinga tek til skriv seg opp på ei liste eller kjøper billetter. Skjenkekontrollen skal ha tilgjenge til det slutta laget.
3. Det slutta laget må ha ein ansvarleg person som får ansvaret for skjenkinga. Denne personen må ha fylt 20 år og ha den tillit at løyvet ikkje vert misbrukt.
4. Kvart løyvevedtak vert avgrensa til eitt døgn.
5. Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3, dvs. drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol, må vere avslutta kl. 24.00. Alkoholhaldig drikk i gruppe 3 må ikkje skjenkast til personar under 20 år, jfr. alkohollova § 1-5.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol, kan skje mellom kl. 13.00 og kl. 01.00. Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 må ikkje skjenkast til personar under 18 år, jfr. alkohollova § 1-5.

Skjenketid er lik utleveringstid. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter skjenketidas utløp.

6. Avgifta vert sett til kr 250,- for kvar tildeling. Avgifta vert fastsett i kommunestyret saman med dei andre alkoholavgiftene. Avgifta skal vere innbetalt før arrangementet finn stad.
7. Rådmannen har delegert mynde til å fatte vedtak om tildeling av ambulerande skjenkeløyve. Søknad om slikt løyve må leverast til kommunen om lag tre veker før arrangementet.
8. Kontroll og regelverk for skjenking gjeld på same måte som for løyve for fast skjenkestad. Ved brot på regelverket skal det normalt ikkje gjevast nytt løyve på 3 månader til tilskipar eller det lokale som var omfatta av det løyvet der reglane vart brotne. Ved grove eller gjentekne brot skal det normalt ikkje gjevast nytt løyve i resten av kommunestyreperioden.